



Link Arkitektur AS Avd Bergen  
v/Andreas Neumann Meyer  
Postboks 383 Sentrum  
0102 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2349 - 19/9528

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

29.04.2019

## Godkjenning - endring av løyve GBNR 22/174 industribygg Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 103/2019**

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§  
20-1 og 20-3

### **SAKSUTGREIING:**

#### Saka gjeld:

Tiltakshavar har søkt om endring av løyve til oppføring av industribygg med utstilling og overbyggeoler på gbnr 22/174. Endringane gjeld fjerning av utendørs utstilling og overbygg utendørs lagerreoler mot sør og vest.

For nærare opplysningar om tiltaket elles blir det vist til løyvet gitt i sak DNT 027/08 den 04.03.08. Dette vedtaket gjeld for tiltaket om ikkje anna går fram av vedtaket nedanfor.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling og privatrettslege tilhøve:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje trong for nabovarsling då endringane ikkje får verknader for naboane.

#### Lov- og plangrunnlag:

Den omsøkte egedomen er avsett til byggeområde for industri i *Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka*, arealplanid 1256 1978 0310. Omsøkt endring av tiltak er i samsvar med arealformålet i reguleringsplanen.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Planløyising, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 24.04.19 utan utstilling og overbyggreoler mot sør og vest, godkjent i samsvar med vedlagt situasjonsplan, datert 30.01.08. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

Tiltaket- industribygg- skal plasserast i samsvar med tidlegare godkjenning, jf ovanfor.

### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak DNT 027/08 den 04.03.08 for oppføring av industribygg på gbnr 22/174, jf søknad motteke 24.04.19. Utstilling og overbyggreoler mot sør og vest, godkjent i samsvar med vedlagt situasjonsplan, datert 30.01.08 skal fjernast. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Tiltaket skal utformast som vist på vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 24.04.19 og plasserast i samsvar med tidlegare godkjenning. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tisligere godkjent situasjonskart gbnr 22/174 lagerreoler  
Søknad om endring av tillatelse og ferdigmelding GBNR 22/174  
Søknad om endring av tillatelse  
Vedlegg D1 - kart  
Vedlegg E1 - E5 -profiler  
Vedlegg G1 - G14 kontrollerklæringer

**Kopi til:**

Mjåtveitflaten 55 AS	Kanalveien 50	5068	BERGEN
----------------------	---------------	------	--------

**Mottakrar:**

Link Arkitektur AS Avd Bergen	Postboks 383 Sentrum	0102	OSLO
-------------------------------	-------------------------	------	------